



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK

Plan- og kommunalteknisk utval



Møtedato: 22.04.2026

Møtetid: 13:00 -17:00

Møtestad: Lonevåg, Rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	Leiar	AP
Johannes Haugland	Nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	Medlem	U
Johannes O Borge	Medlem	H

Faste medlemmer med forfall

Namn	Rolle	Parti
Ruben Nielsen	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Ragnar J Tyssebotn		FRP
Kim Andre Hartveit		FRP

Følgjande frå administrasjonen møte:

Aleksander Bergli

Ekstra informasjon til møte:

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Tittel	Unntak frå innsyn
RS 10/26	Orienteringar hjorteforvaltning	
PS 20/26	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 21/26	Godkjenning av møtebok 11.03.2026	
RS 11/26	Delegerte vedtak - orientering til plan og kommunaltekniske utval - møte 22.04.2026	
RS 12/26	Status KDP Naturmangfald	
PS 22/26	Hjorteforvaltning - Forvaltningsmål, minsteareal og fellingsavgift	
PS 23/26	42/3 - Søknad om dispensasjon - planeringshøgder, avkøyrse og tilkomstveg	
PS 24/26	136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage	
PS 25/26	Reviderte retningsliner for handsaming av landbrukssaker	
PS 26/26	Plan-ROS for Osterøy kommune. Grenseverdiar for risiko- og sårbarheitsanalyse	
PS 27/26	Kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø. Vedtak av planar.	
PS 28/26	Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen	
PS 29/26	Andre saker/spørsmål	

*Herdis Helle*Utvalsleiar

RS 10/26 Orienteringar hjorteforvaltning

PS 20/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 20/2026

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Mot slutten av møtet vart det varsla spørsmål frå Herdis Helle (Ap), Ragnar Tyssebotn (Frp), Johannes Borge (H) og Johannes Haugland (Sp).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Endringsforslag frå Herdis Helle(Ap):

Sak PS 28/26 skal handsamast som politisk sak nummer 2.

Votering:

Innkalling og saksliste vart godkjende med dei endringsframlegga som er nemnde ovanfor.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 20/2026

Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Sak PS 28/26 skal handsamast som politisk sak nummer 2.

PS 21/26 Godkjenning av møtebok 11.03.2026

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 21/2026
Godkjenning av møtebok 11.03.2026:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møtebok frå 11.03.2026 vert godkjend.

Votering:

Møtebok frå 11.03.2026 vart samrøystes godkjend.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 21/2026
Godkjenning av møtebok 11.03.2026:

Møtebok frå 11.03.2026 vart godkjend.

RS 11/26 Delegerede vedtak - orientering til plan og kommunaltekniske utval - møte 22.04.2026

RS 12/26 Status KDP Naturmangfold

PS 22/26 Hjorteforvaltning - Forvaltningsmål, minsteareal og fellingsavgift

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 22/2026
Hjorteforvaltning - Forvaltningsmål, minsteareal og fellingsavgift:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1.Framlegg til nye forvaltningsmål for hjort i Osterøy kommune for perioden 2026–2028 vert vedteke.
- 2.Framlegg til ny kommunal forskrift om opning av jakt på hjort, fastsetjing av minsteareal og fastsetjing av fellingsavgift vert vedteke. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere eventuelle nødvendige redaksjonelle endringar i samband med kunngjering.
- 3.Dei vedtekne måla skal leggjast til grunn for årleg tildeling av fellingsløyve og vidare oppfølging av hjorteforvaltninga.

Fellesforslag frå Ap, Frp og Sp:

- 1) Gjeldande forskrift vert vidareført, men skal reviderast innan fristen neste år.
- 2) Kommunedirektøren får fullmakt til å forskriftsfeste at: «Fellingsavgifta for hjort vert sett til maksimal sats fastsett av Stortinget. Kommunen fakturerer fellingsavgift etter avslutta jaktår, basert på innsendt fellingsrapport.»
- 3) Kommunedirektøren får fullmakt til å forskriftsfeste at: « Kommunen kan vedta redusert fellingsavgift for ein avgrensa periode eller dersom særlege omsyn tilseier at ein reduksjon er naudsynt for å ivareta ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av viltressursane.»
- 4) Fellingsavgifta skal ikkje aukast i jaktåret 2026.
- 5) Forvaltningsmåla og tiltaka for å nå dei (fastsett i punkt 6 og 7 under) skal leggjast til grunn for neste forskriftsrevisjon, årleg tildeling av fellingsløyve og vidare oppfølging av hjorteforvaltninga.
- 6) Dei nye forvaltningsmåla for hjort i Osterøy kommune, jf . § 3 i forskrift om forvaltninga av hjortevilt for perioden 2026-2027, skal vere:

Hovudmål:

Forvaltninga av hjortebestanden i Osterøy kommune skal vere basert på kunnskap om biologi og økosystemet. Hjortebestanden skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet og artsrikdom vert teken vare på. Innanfor desse rammene og naturgjeven beitetilgang skal bestanden forvaltast til gode for samfunnet og landbruksnæringa.

Delmål:

a) Hjortebestanden i kommunen skal søkast stabilisert på eit nivå der den estimerte vinterbestanden er omlag 1100 dyr.

Grunngjeving:

Før 2022 var hjortebestanden i kommunen alt for høg i høve til beitegrunnlaget. Det var også store arealkonfliktar knytt til jord- og skogbruk og hjortepåkøyringar. Det er ikkje ynskeleg med ei ny og større auke i bestanden med nytt konflikt- og skadepotensiale til fylgje.

b) Sikre ei sunn og berekraftig hjortestamme med auka slaktevekter og god kondisjon

Grunngjeving:

Ei for høg bestandstettleik over tid fører til hard beitekonkurranse og redusert kondisjon hjå dyra. Forvaltninga skal difor rette seg mot ein bestand som er tilpassa beitegrunnlaget, slik at dyra får betre tilgang på næring. Auka slaktevekter og god kondisjon er sentrale indikatorar på ei berekraftig forvaltning og vil samstundes bidra til meir robuste dyr og betre dyrevelferd.

c) Byggje opp ei betre alders- og kjønnsamansetning i bestanden

Grunngjeving:

Ein skeiv alders- og kjønnsstruktur, med få eldre hanndyr og for unge koller, svekkjer både reproduksjon og bestandskvalitet. Forvaltninga skal arbeide for å auke alderen i bestanden, særleg eldre hanndyr, mellom anna ved at hovudtyngda av uttaket vert retta mot kalv og ungdyr. Det er også ynskjeleg at kollene får høgare gjennomsnittsalder. Ei meir balansert samansetjing vil bidra til tidlegare og meir synkronisert brunst, betre kalveproduksjon og meir stabile bestandar. Fylgjande måleparameter:

*) Sett kolle pr. bukk skal vere maks 1,5

**) Sett spissbukk per bukk bør på sikt vere på eit stabilt nivå under 0,35

***) Sett kalv pr kolle bør vere på minst 0,65

***) Auke snittalder på bukkar og koller over 2,5 år

d) Ta vare på viktige trekkvegar og leveområde

Grunngjeving:

Hjorten nyttar store område gjennom året, og mange av trekkrutene går på tvers av vald- og kommunegrenser. Forvaltninga skal ta omsyn til kjende trekkvegar, vinterbeite og

leveområde, både i hjorteviltforvaltninga og i kommunen si arealplanlegging. Ivaretaking av desse områda er viktig for ei naturleg og berekraftig forvaltning.

e) Redusere skader på jord- og skogbruk (arealbrukskonfliktar)

Grunngjeving:

Skadar på innmark, beite og skog representerer ei av dei største utfordringane knytt til hjort i Osterøy kommune. Forvaltninga skal prioritere tiltak som reduserer beitepresset i utsette område, særleg der hjorten oppheld seg gjennom vinter- og vekstsesongen. Målet er å redusere økonomiske tap for jord- og skogbruket og sikre betre sameksistens mellom hjortevilt og næringsinteresser.

f) Redusere talet på hjortepåkøyringar (arealbrukskonflikt)

Grunngjeving:

Hjortepåkøyringar medfører både dyreliding, samfunnsmessige kostnader og risiko for alvorlege skader på personar og materiell. Det er ein klar samanheng mellom bestandstettleik og talet på påkøyringar. Forvaltningsmåla skal difor bidra til å redusere påkøyringar gjennom bestandsregulering i kombinasjon med målretta uttak i område med høg ulykkesfrekvens.

g) Fellingsprosenten skal vere på minimum 80 % i kommunen.

Grunngjeving:

For å kunne nå forvaltningsmåla er det viktig med høg fellingsprosent, Sidan fleire av valda i kommunen ikkje feller noko, grunna for liten jaktinnsats eller vanskeleg jakt i utmarksområde, er det likevel lite realistisk med ein så høg fellingsprosent som det dagens nivå ligg på.

h) Kommunen og valda skal til ei kvar tid ha best mogeleg oversyn over hjortebestanden. Offentlege vedtak skal vere basert på vitskapleg grunnlag.

Grunngjeving:

For å sikre ei forvaltning som legg til rette for god dyrevelferd, forsvarleg jaktuttak og mindre arealbrukskonfliktar, er det sentralt å ha oversyn over bestanden og oppdatert kunnskap om kondisjon og levemåtar.

i) Arbeide for å redusere talet på vald og auke bestandsplansamarbeidet.

Grunngjeving:

For å få ei grunneigarstyrt jakt og mindre detaljregulering frå den kommunale viltstyresmakta, er det føremålstenleg om hjorten blir forvalta av større einingar og gjennom fleirårige planar. Då er det også lettare å konsentrere jakta om område med større beiteskadar og auke fellingsprosenten.

7) Dei viktigaste tiltaka for å nå forvaltningsmåla for hjort i Osterøy kommune for perioden 2026-2027 skal vere:

a) Tilpasse fellingsløyva etter tilgjengeleg kunnskap om bestandsutvikling. Retningslinjer for tildeling:

- *) Eldre hanndyr 8%
- **) Spissbukk 17%
- ***) Vaksen kolle 20%
- ****) Kvigekolle 20%
- *****) Kalv 35%

b) Unngå ny auke i hjortebestanden slik at det ikkje blir for stor konkurranse om beitegrunnlaget og auka arealkonflikter.

c) Sett hjort og sett og skutt må brukast og nyttast aktivt for å korrigere bestandsplanar og tildeling/totaluttak. Det skal ikkje fokuserast einsidig på det som blir sett i utmark, sidan det meste av jakta, og dermed observasjonane, i kommunen skjer på innmark.

d) Sikre tilstrekkeleg kontrolltiltak for å få riktig rapportering. Minst 10 % av felte dyr skal kontrollerast.

e) Aktiv bruk av differensiert minsteareal for å legge til rette for tilstrekkeleg uttak der skadepresset og fellingsprosenten er høgst.

f) Fram til eventuell ny forskrift om minsteareal ligg føre, kan 50% regelen nyttast for å justere fellingskvotar opp eller ned innanfor einskilde vald. Bruken av regelen skal vere målretta og føreseieleg og enkeltvedtak skal, så vidt mogeleg, treffast i så god tid at vedtak kan påklagast og klage ferdighandsamast før jakta. Enkeltvedtak skal, som hovudregel, ikkje nyttast til å redusere tildelinga til vald som har fellingsprosent på 80 eller meir.

g) Løyve til felling av eldre hanndyr vert, så langt lovverket opnar for det, berre tildelt vald som deltek i bestandsplansamarbeid. Føremålet er å stimulere til deltaking i slike for å oppnå ei betre forvaltning.

h) Redusere hjortepåkøyringar gjennom tett samarbeid mellom kommunen, valda og vegstyresmaktene. Bestandsregulering i utsette område er hovudtiltaket, supplert med systematisk registrering av påkøyringar og vurdering av lokale avbøtande tiltak (gjerde, skilting og lys).

i) Kommunen skal nytte det kommunale viltfondet aktivt til:

*) tiltak som aukar den vitenskaplege kunnskapen om hjorteforvaltninga, medrekna ein NINA-rapport som kartlegg dagens hjortebestand i kommunen

**) tiltak som stimulerer til samarbeid mellom vald og utarbeiding av bestandsplanar

***) tiltak som reduserer arealkonflikter

****) kartlegging av beiteskadar på skog og innmark, medrekna ein rapport frå NIBIO som kartlegg beiteskadar på innmark i ulike område i kommunen og som er basert på både første og andre slått.

8) Det skal vedtakast ein ny forvaltningsplan med nye forvaltningsmål for hjortevilt før 2028-jakta tek til. Den skal leggjast fram for plan- og kommunalteknisk utval så tidleg at den rekk ei skikkeleg høyringsrunde før vedtak og kan danne grunnlag for ny forskrift om minsteareal innan tidsfristen for 2028-jakta.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget.

Fellesforslaget vart vedteke med 3 røyster for og 2 røyster(H, U) for kommunedirektøren sitt framlegg.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 22/2026
Hjorteforvaltning - Forvaltningsmål, minsteareal og fellingsavgift:

- 1) Gjeldande forskrift vert vidareført, men skal reviderast innan fristen neste år.
- 2) Kommunedirektøren får fullmakt til å forskriftsfeste at: «Fellingsavgifta for hjort vert sett til maksimal sats fastsett av Stortinget. Kommunen fakturerer fellingsavgift etter avslutta jaktår, basert på innsendt fellingsrapport.»
- 3) Kommunedirektøren får fullmakt til å forskriftsfeste at: « Kommunen kan vedta redusert fellingsavgift for ein avgrensa periode eller dersom særlege omsyn tilseier at ein reduksjon er naudsynt for å ivareta ei forsvarleg og berekraftig forvaltning av viltressursane.»
- 4) Fellingsavgifta skal ikkje aukast i jaktåret 2026.
- 5) Forvaltningsmåla og tiltaka for å nå dei (fastsett i punkt 6 og 7 under) skal leggjast til grunn for neste forskriftsrevisjon, årleg tildeling av fellingsløyve og vidare oppfylging av hjorteforvaltninga.
- 6) Dei nye forvaltningsmåla for hjort i Osterøy kommune, jf . § 3 i forskrift om forvaltninga av hjortevilt for perioden 2026-2027, skal vere:

Hovudmål:

Forvaltninga av hjortebestanden i Osterøy kommune skal vere basert på kunnskap om biologi og økosystemet. Hjortebestanden skal forvaltast slik at naturen sin produktivitet

og artsrikdom vert teken vare på. Innanfor desse rammene og naturgjeven beitetilgang skal bestanden forvaltaast til gode for samfunnet og landbruksnæringa.

Delmål:

a) Hjortebestanden i kommunen skal søkast stabilisert på eit nivå der den estimerte vinterbestanden er omlag 1100 dyr.

Grunngjeving:

Før 2022 var hjortebestanden i kommunen alt for høg i høve til beitegrunnlaget. Det var også store arealkonfliktar knytt til jord- og skogbruk og hjortepåkøyringar. Det er ikkje ynskeleg med ei ny og større auke i bestanden med nytt konflikt- og skadepotensiale til fylgje.

b) Sikre ei sunn og berekraftig hjortestamme med auka slaktevekter og god kondisjon

Grunngjeving:

Ei for høg bestandstettleik over tid fører til hard beitekonkurranse og redusert kondisjon hjå dyra. Forvaltninga skal difor rette seg mot ein bestand som er tilpassa beitegrunnlaget, slik at dyra får betre tilgang på næring. Auka slaktevekter og god kondisjon er sentrale indikatorar på ei berekraftig forvaltning og vil samstundes bidra til meir robuste dyr og betre dyrevelferd.

c) Byggje opp ei betre alders- og kjønnsamansetning i bestanden

Grunngjeving:

Ein skeiv alders- og kjønnsstruktur, med få eldre hanndyr og for unge koller, svekkjer både reproduksjon og bestandskvalitet. Forvaltninga skal arbeide for å auke alderen i bestanden, særleg eldre hanndyr, mellom anna ved at hovudtyngda av uttaket vert retta mot kalv og ungdyr. Det er også ynskjeleg at kollene får høgare gjennomsnittsalder. Ei meir balansert samansetjing vil bidra til tidlegare og meir synkronisert brunst, betre kalveproduksjon og meir stabile bestandar. Følgjande måleparameter:

***) Sett kolle pr. bukk skal vere maks 1,5**

****) Sett spissbukk per bukk bør på sikt vere på eit stabilt nivå under 0,35**

*****) Sett kalv pr kolle bør vere på minst 0,65**

*****) Auke snittalder på bukkar og koller over 2,5 år**

d) Ta vare på viktige trekkvegar og leveområde

Grunngjeving:

Hjorten nyttar store område gjennom året, og mange av trekkrutene går på tvers av vald- og kommunegrenser. Forvaltninga skal ta omsyn til kjende trekkvegar, vinterbeite og leveområde, både i hjorteviltforvaltninga og i kommunen si arealplanlegging. Ivaretaking av desse områda er viktig for ei naturleg og berekraftig forvaltning.

e) Redusere skader på jord- og skogbruk (arealbrukskonflikter)

Grunngjeving:

Skadar på innmark, beite og skog representerer ei av dei største utfordringane knytt til hjort i Osterøy kommune. Forvaltninga skal prioritere tiltak som reduserer beitepresset i utsette område, særleg der hjorten oppheld seg gjennom vinter- og vekstsesongen. Målet er å redusere økonomiske tap for jord- og skogbruket og sikre betre sameksistens mellom hjortevilt og næringsinteresser.

f) Redusere talet på hjortepåkøyringar (arealbrukskonflikt)

Grunngjeving:

Hjortepåkøyringar medfører både dyreliding, samfunnsmessige kostnader og risiko for alvorlege skader på personar og materiell. Det er ein klar samanheng mellom bestandstettleik og talet på påkøyringar. Forvaltningsmåla skal difor bidra til å redusere påkøyringar gjennom bestandsregulering i kombinasjon med målretta uttak i område med høg ulykkesfrekvens.

g) Fellingsprosenten skal vere på minimum 80 % i kommunen.

Grunngjeving:

For å kunne nå forvaltningsmåla er det viktig med høg fellingsprosent, Sidan fleire av valda i kommunen ikkje feller noko, grunna for liten jaktinnsats eller vanskeleg jakt i utmarksområde, er det likevel lite realistisk med ein så høg fellingsprosent som det dagens nivå ligg på.

h) Kommunen og valda skal til ei kvar tid ha best mogeleg oversyn over hjortebestanden. Offentlege vedtak skal vere basert på vitskapleg grunnlag.

Grunngjeving:

For å sikre ei forvaltning som legg til rette for god dyrevelferd, forsvarleg jaktuttak og mindre arealbrukskonflikter, er det sentralt å ha oversyn over bestanden og oppdatert kunnskap om kondisjon og levemåtar.

i) Arbeide for å redusere talet på vald og auke bestandsplansamarbeidet.

Grunngjeving:

For å få ei grunneigarstyrt jakt og mindre detaljregulering frå den kommunale viltstyresmakta, er det føremålstenleg om hjorten blir forvalta av større einingar og gjennom fleirårige planar. Då er det også lettare å konsentrere jakta om område med større beiteskadar og auke fellingsprosenten.

7) Dei viktigaste tiltaka for å nå forvaltningsmåla for hjort i Osterøy kommune for perioden 2026-2027 skal vere:

a) Tilpasse fellingsløyva etter tilgjengeleg kunnskap om bestandsutvikling. Retningslinjer for tildeling:

- *) Eldre hanndyr 8%
- **) Spissbukk 17%
- ***) Vaksen kolle 20%
- ****) Kvigekolle 20%
- *****) Kalv 35%

b) Unngå ny auke i hjortebestanden slik at det ikkje blir for stor konkurranse om beitegrunnet og auka arealkonflikter.

c) Sett hjort og sett og skutt må brukast og nyttast aktivt for å korrigere bestandsplanar og tildeling/totaluttak. Det skal ikkje fokuserast einsidig på det som blir sett i utmark, sidan det meste av jakta, og dermed observasjonane, i kommunen skjer på innmark.

d) Sikre tilstrekkeleg kontrolltiltak for å få riktig rapportering. Minst 10 % av felte dyr skal kontrollerast.

e) Aktiv bruk av differensiert minsteareal for å legge til rette for tilstrekkeleg uttak der skadepresset og fellingsprosenten er høgst.

f) Fram til eventuell ny forskrift om minsteareal ligg føre, kan 50% regelen nyttast for å justere fellingskvotar opp eller ned innanfor einskilde vald. Bruken av regelen skal vere målretta og føreseieleg og enkeltvedtak skal, så vidt mogeleg, treffast i så god tid at vedtak kan påklagast og klage ferdighandsamast før jakta. Enkeltvedtak skal, som hovudregel, ikkje nyttast til å redusere tildelinga til vald som har fellingsprosent på 80 eller meir.

g) Løyve til felling av eldre hanndyr vert, så langt lovverket opnar for det, berre tildelt vald som deltek i bestandsplansamarbeid. Føremålet er å stimulere til deltaking i slike for å oppnå ei betre forvaltning.

h) Redusere hjortepåkøyringar gjennom tett samarbeid mellom kommunen, valda og vegstyresmaktene. Bestandsregulering i utsette område er hovudtiltaket, supplert med systematisk registrering av påkøyringar og vurdering av lokale avbøtande tiltak (gjerde, skilting og lys).

i) Kommunen skal nytte det kommunale viltfondet aktivt til:

- *) tiltak som aukar den vitenskaplege kunnskapen om hjorteforvaltninga, medrekna ein NINA-rapport som kartlegg dagens hjortebestand i kommunen
- **) tiltak som stimulerer til samarbeid mellom vald og utarbeiding av bestandsplanar
- ***) tiltak som reduserer arealkonfliktar

******) kartlegging av beiteskadar på skog og innmark, medrekna ein rapport frå NIBIO som kartlegg beiteskadar på innmark i ulike område i kommunen og som er basert på både første og andre slått.**

8) Det skal vedtakast ein ny forvaltningsplan med nye forvaltningsmål for hjortevilt før 2028-jakta tek til. Den skal leggjast fram for plan- og kommunalteknisk utval så tidleg at den rekk ei skikkeleg høyringsrunde før vedtak og kan danne grunnlag for ny forskrift om minsteareal innan tidsfristen for 2028-jakta.

PS 23/26 42/3 - Søknad om dispensasjon - planeringshøgder, avkøyrslø og tilkomstveg

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 23/2026 42/3 - Søknad om dispensasjon - planeringshøgder, avkøyrslø og tilkomstveg:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

"Kommunen gjev dispensasjon til endra planeringshøgder, avkøyrslø og tilkomstveg for oppføring av nytt lagerbygg på gnr. 42 bnr. 3 - f_N02, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 12-4, 12-5 og 12-7 nr. 1 og 2, på fylgjande vilkår:

Planeringshøgder skal vere på kote + 203 og + 204,2 slik det er synt i situasjonsplan motteken 16.02.2026.

Regulert avkøyrslø KV17 skal ikkje byggjast no.

Avkøyrslø vert bygd der regulert veg f_KV16 tek til, og skal byggjast slik det er synt i situasjonsplan motteken 16.02.2026. Resten av regulert veg f_KV16 skal ikkje byggjast no."

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 23/2026 42/3 - Søknad om dispensasjon - planeringshøgder, avkøyrslø og tilkomstveg:

"Kommunen gjev dispensasjon til endra planeringshøgder, avkøyrslø og tilkomstveg for oppføring av nytt lagerbygg på gnr. 42 bnr. 3 - f_N02, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. §§ 12-4, 12-5 og 12-7 nr. 1 og 2, på fylgjande vilkår:

Planeringshøgder skal vere på kote + 203 og + 204,2 slik det er synt i situasjonsplan motteken 16.02.2026.

Regulert avkøyrslø KV17 skal ikkje byggjast no.

Avkøyrslø vert bygd der regulert veg f_KV16 tek til, og skal byggjast slik det er synt i situasjonsplan motteken 16.02.2026. Resten av regulert veg f_KV16 skal ikkje byggjast no."

PS 24/26 136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 24/2026 136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage:

Fellesforslag frå PKU:

Osterøy heradsstyre sitt Plan- og kommunaltekniske utval (PKU) tek til vitande at Vestland fylkeskommune har trekt søknaden om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp. Utvalet ynskjer å gje fylkeskommunen fylgjande tilbakemelding om søknadsprosessen:

Me støttar intensjonen bak tiltaket som vart omsøkt; Trafikktilhøva på Valestrand ferjekai er utfordrande og farlege. Store køyretøy, personbilar og mjuke trafikantar møtest i fleire retningar på eit lite areal kvar halvtime. At fylkeskommunen ønskja å leggja betre tilrette for mjuke trafikantar og på- og avstigingar med buss, får vår fulle tilslutnad.

Om Vestland fylkeskommune seinare vel å vurdere tilsvarande tiltak, oppmodar me likevel fylket til å ta større omsyn til gjeldande områdeplan heller enn å søkja om dispensasjon frå denne. Vidare meiner me at fylket bør gå i dialog med Osterøy kommune, Valestrand grendaråd, Osterøy utvikling og Osterøy industri- og næringslag for å undersøke om offentlege og private aktørar i samarbeid kan få realisert utviklinga som Valestrandsplanen legg opp til i området kring ferjekaien.

Til slutt oppmodar me Vestland fylkeskommune om å gje bussjåførane som kjenner området, høve til å gje innspel om tilhøva og nødvendige forbetringar.

Votering:

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 24/2026 136/118 - Søknad om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp - Handsaming av klage:

Osterøy heradsstyre sitt Plan- og kommunaltekniske utval (PKU) tek til vitande at Vestland fylkeskommune har trekt søknaden om dispensasjon for ombygging av Valestrand kai med fortau og endra busstopp. Utvalet ynskjer å gje fylkeskommunen fylgjande tilbakemelding om søknadsprosessen:

Me støttar intensjonen bak tiltaket som vart omsøkt; Trafikktilhøva på Valestrand ferjekai er utfordrande og farlege. Store køyretøy, personbilar og mjuke trafikantar møtest i fleire retningar på eit lite areal kvar halvtime. At fylkeskommunen ønskja å leggja betre tilrette for mjuke trafikantar og på- og avstigingar med buss, får vår fulle tilslutnad.

Om Vestland fylkeskommune seinare vel å vurdera tilsvarande tiltak, oppmodar me likevel fylket til å ta større omsyn til gjeldande områdeplan heller enn å søkja om dispensasjon frå denne. Vidare meiner me at fylket bør gå i dialog med Osterøy kommune, Valestrand grendaråd, Osterøy utvikling og Osterøy industri- og næringslag for å undersøke om offentlege og private aktørar i samarbeid kan få realisert utviklinga som Valestrandsplanen legg opp til i området kring ferjekaien.

Til slutt oppmodar me Vestland fylkeskommune om å gje bussjåførane som kjenner området, høve til å gje innspel om tilhøva og nødvendige forbetringar.

PS 25/26 Reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 25/2026

Reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker:

Protokollmerknad frå Johannes Borge(H): SAK 25/26 «RETNINGSLINJER FOR SAKSHANDSAMING AV LANDBRUKSSAKER»

Administrasjonen har svara på Kommunestyret sitt ynskje om å få utarbeida retningsreglar for dette feltet.

I utgangspunktet er det rettslege grunnlaget for saksbehandling nemnd i punkt 2, «Rettsleg grunnlag og styrande kjelder.» Det som då vert oppgåva for dei evt. interne retningslinjer for Osterøy kommune er som det står i punkt 1: «Retningslinjene er interne føringar for utøving av skjønns innanfor gjeldande lov-rundskrivsgrunnlag.»

Det skjønns som me pålegg oss som kommune å styre etter må altså ikkje komme i konflikt med gjeldande rettsleg grunnlag.

I punkt 5. «Jordlova § 8 – driveplikt» er det i første avsnitt 2 ting som beskriv dette skjønnet: «Driveplikt skal sikre aktiv drift og hindre gjengroing og tap av produksjonsevne.» Omgrepet «aktiv drift» er ikkje definert i Jordlova. Det nærmaste ein kjem er første setning i § 8: «Jorbruksareal skal drivast.»

Kva meiner me med «aktiv drift»? I rundskriv M-2 / 2021 / (driveplikt, omdisponering og deling etter jordlova) finn ein:

7.3.3 Hva innebærer plikten til å drive eiendommens jordbruksareal

For at driveplikten skal være oppfylt, må jordas produksjonsegenskaper opprettholdes slik at arealet kan nyttes til vanlig jordbruksdrift, med mulighet for normal avling. Dette innebærer at arealene som utgangspunkt må høstes og kultiveres årlig. Det stilles ikke krav til driftsform og det er ikke krav om at driften er optimal.

I brev frå Landbruksdepartementet 18/9-2025 til Herdis Helle står det:

«2. Omgrepet «aktiv drift»

Omgrepet «aktiv drift» er ikkje definert i Jordlova eller lovforarbeida. I praksis er omgrepet ofte brukt om driveplikt etter Jordlova §8.»

Har me ei anna oppfatning? Er beiting godt nok? Er beiting / grasproduksjon gjort av hobbybønder utan produksjonstilskot «aktiv drift»? Er det kun gardar med produksjonstilskot, evt. heiltidsbønder som har «aktiv drift»? Utan ei slik klargjering vert bruken av omgrepet «aktiv drift» vanskeleg å styre etter.

Eller, skal me halde oss til at om ein oppfyller driveplikta så har ein «aktiv drift», slik det er oppfatta av Landbruksdepartementet?

Neste setning i punkt 5 sei: «Kommunen skal leggje til rette for driftsmessig gode løysingar og aktive bønder som eig jorda dei treng, samtidig som driveplikta blir oppfylt i praksis.»

På same måten, omgrepet «gode løysingar og aktive bønder som eig jorda dei treng» kan eg ikkje sjå er dekning for i Jordlova. Eigarforholdet til jorda og driveplikt er klart dekkja gjennom § 8, 2 ledd: «Driveplikta kan oppfyllest ved at arealet vert leigd bort». Det å ha ein presisering «som eig jorda dei treng» er difor uheldig. Og kva er ein «aktiv bonde»?

Det er i fleire samanhengar komme fram at ein einsidig favorisering av den «sjølveigande bonden» ikkje er ynskjeleg m.a. med tanke på unge som vil inn i jordbruket, men ikkje har midlar til å kjøpe. Og med tanke på sjølvforsyning og nasjonal matproduksjon er eit kvart forhold som hindrar optimal utnyttelse av jordbruksareala uheldig.

I 5.1, «Desse moment vektlegg Osterøy kommune» m.a.:

- Løysingar som gir aktiv drift lokalt og stabile driftsopplegg blir vektlagt.

Igjen, «aktiv drift» er ikkje definert.

- Bortleige kan vere godt eigna når leigetakar driv arealet som del av reell jordbruksdrift.

§ 8 første setning stadfestar at «Driveplikta kan oppfyllast ved at arealet vert leigd bort». Dette er m.a. ein rett, og ikkje opp til kommunen sitt skjønn, «kan være godt eigna». Og, «reell jordbruksdrift», kva er det?

I 7.1, «Frådeling av bygningar» kjem omgrepet «aktiv drift» att 3 gonger. Utan ei klargjering kva ein meiner om «aktiv drift» er det ikkje praktisk å styre etter.

I 8. «Konsesjonslova – konsesjon på landbrukseigedommar»

Igjen, «aktiv drift» i første avsnitt. Kulepunkt 4:

- At løysinga bidreg til aktive bønder som eig jorda dei treng, og reduserer spekulative disposisjonar og passive landbrukseigedomar.

Her meiner eg klart at ein gjev seg inn på farleg terreng. Kva svarar administrasjonen om ein ein blir stilt til ansvar frå ein klagar for å klargjere kva ein meiner er «aktive bønder som eig jorda dei treng», kva kommunen oppfattar er «spekulative disposisjonar», og kva som kjennetegnar «passive landbrukseigedomar»?

Konklusjon, i det heile, treng me disse retningslinjene, eller vil det være betre utan? Vil det være enklare for både administrasjonen og søkjarar å berre forhalda seg til det rettslege grunnlaget som er nemnt i punkt 2. «Rettsleg grunnlag og styrande kjelder»?

Og om me skal ha «Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker», så bør disse være meir konkret og mindre open for skjønn som vil/kan være i konflikt med det rettslege grunnlaget.

Eg ber og om ei vurdering av administrasjonen om ein framleis ser verdien av å ha slike retningslinjer utover kva som styrer oss i lovar og rundskriv som dekkjer dette området.

Om det er slik at ein framleis ynskjer slike retningslinjer, foreslår eg at det vert undersøkt på kva måte andre jordbrukskommunar som Voss og andre vurderer slike saker. Har dei eigne retningslinjer i tillegg til føringane som det rettslege grunnlaget gjev?

I tilfelle ein går vidare med eigne retningslinjer for Osterøy kommune ber eg om at lovligheten av disse retningslinjene igjen vert vurdert av den juridiske kompetansen i administrasjonen, og at nytt forslag så vert presentert.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030.»

Plan- og kommunalteknisk utval innstiller til formannskapet om å treffe slikt endringsvedtak:

Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030, med fylgjande endringar og presiseringar:

a) Punkt 5.1 4. kulepunkt skal lyde slik: Leigeavtale skal vare minst 10 år, vere skriftleg, uoppseieleg for eigar, og omfatte drift, vedlikehald og fordeling av ansvar.

b) 7.1 6. kulepunkt skal lyde slik:

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift. Arealet om vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrodering.

c) Frådeling av areal og bustad- og fritidstomter:

2. kulepunkt skal lyde slik:

• Ved frådeling av tomter i LNF-områder skal tomtene som utgangspunkt ligge minst 100 meter frå næraste driftsbygning der det er husdyrhald av betydning.

Definisjon :

Bruk i aktiv drift:

Bruk som har produksjon iht. areal og som får produksjonstilskot.

Aktiv bonde:

Person som driv landbruksareal og som har produksjon iht. arealet som person disponerer og som søker produksjonstilskot.

Utsetjingsforslag/Framlegg til vedtak frå Johannes Borge(H):

Forslag til Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker vert sendt attende til administrasjonen for ny gjennomgang av definisjonar av "aktiv drift" / "aktiv bonde" / oppfylling av driveplikt, og vurdering av uheldige formuleringar som kan vere uklare ved evt. tvist, eks. "at løysinga bidreg til aktive bønder som eig jorda dei treng, og reduserer spekulative disposisjonar og passive landbrukseigedomar".

Votering:

Utsetjingsforslaget frå Johannes Borge (H) fall med 2 røyster (H,U) for og 3 røyster mot.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 3 røyster for og 2 røyster mot (U og H).

Felles endringsframlegg frå Ap, Sp og Frp vart vedteke med 3 røyster for og 2 røyster mot (U og H).

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 25/2026 Reviderte retningslinjer for handsaming av landbrukssaker:

«Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030.»

Plan- og kommunalteknisk utval innstiller til formannskapet om å treffe slikt endringsvedtak:

Osterøy kommune vedtek reviderte Retningslinjer for sakshandsaming av landbrukssaker 2026-2030, med fylgjande endringar og presiseringar:

a) Punkt 5.1 4. kulepunkt skal lyde slik: Leigeavtale skal vare minst 10 år, vere skriftleg, uoppseieleg for eigar, og omfatte drift, vedlikehald og fordeling av ansvar.

b) 7.1 6. kulepunkt skal lyde slik:

Eigedomen sine bygningar med tun inntil 5 daa kan delast frå dersom resteigedomen blir seld som tilleggsjord til nabobruk i aktiv drift med driftsbygningar og driftsapparat, eller dokumentert plan for oppstart av aktiv drift. Arealet om vert frådelt bør ikkje vera større enn nødvendig for å få til ei naturleg arrodering.

c) Frådeling av areal og bustad- og fritidstomter:

2. kulepunkt skal lyde slik:

• Ved frådeling av tomter i LNF-områder skal tomtene som utgangspunkt ligge minst 100 meter frå næraste driftsbygning der det er husdyrhald av betydning.

Definisjon :

Bruk i aktiv drift:

Bruk som har produksjon iht. areal og som får produksjonstilskot.

Aktiv bonde:

Person som driv landbruksareal og som har produksjon iht. arealet som person disponerer og som søker produksjonstilskot.

PS 26/26 Plan-ROS for Osterøy kommune. Grenseverdier for risiko- og sårbarhetsanalyse

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 26/2026 Plan-ROS for Osterøy kommune. Grenseverdier for risiko- og sårbarhetsanalyse:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Grenseverdier for risiko- og sårbarhetsanalyse vert vedteke som skildra gjennom dokumentet Plan-ROS for Osterøy kommune, jf. PBL §4-3.»

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 26/2026 Plan-ROS for Osterøy kommune. Grenseverdier for risiko- og sårbarhetsanalyse:

«Grenseverdier for risiko- og sårbarhetsanalyse vert vedteke som skildra gjennom dokumentet Plan-ROS for Osterøy kommune, jf. PBL §4-3.»

PS 27/26 Kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø.
Vedtak av planar.

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 27/2026
Kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø. Vedtak av planar.:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedelplan Vassforsyning og Avlaup med vassmiljø 2026 -2035 vert vedteke slik dei ligg føre.

Administrasjon får fullmakt til å gjere mindre vesentlege rettingar/endringar i planane.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 27/2026
Kommunedelplanar vassforsyning og avlaup med vassmiljø. Vedtak av planar.:

Kommunedelplan Vassforsyning og Avlaup med vassmiljø 2026 -2035 vert vedteke slik dei ligg føre.

Administrasjon får fullmakt til å gjere mindre vesentlege rettingar/endringar i planane.

PS 28/26 Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 28/2026 Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen:

Før saka vart handsama, bad Ragnar Tyssebotn (Frp) om at gildskapen hans vart vurdert, og han gjorde nærare greie for tilknyttinga si til sakaeigedommen Svartevågen som selskapet til eit av barna hans eig. Det vart gjort greie for ei skrifteleg habilitetsvurdering frå kommunedirektøren hadde fått utarbeidd.

Kim Andre Hartveit (Frp) vart kalla inn som varamedlem.

Votering:

Ragnar Tyssebotn (Frp) vart samrøystes erklært ugild og skal ikkje ta del i den delen(Punkt 2 i fellesforslag)av saka han er erklært ugild i , jf. fvl § 6 første ledd bokstav b.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret sluttar seg til at planframlegget vert revidert i samsvar med dei endringane som går fram av dette saksframlegget, og ber kommunedirektøren arbeide vidare med arealdelen under desse føresetnadene. Heradsstyret ber kommunedirektøren holde Plan- og kommunalteknisk utval orientert om eventuelle endringar.

Fellesforslag frå PKU-utvalet.

Plan og kommunalteknisk utval innstiller formannskapet til å treffe slikt vedtak:

Heradsstyret sluttar seg til at planframlegget vert revidert i samsvar med dei endringane som går fram av dette saksframlegget, men med fylgjande unntak:

- 1) Åsheimsfjellet vert behalde som bustadareal, men vert sterkt redusert. Det reduserte området skal konsentrere seg om området frå Mjeldalen (mellom næringsområdet/'BIR' og eksisterande busetnad, og opp mot Åsheimsfjellet. For å 'få plass til området', vert Kårvika tatt ut/beheld eksisterande arealføremål.
- 2) Svartevågen og enkelttomten på Raknes (gbnr 111/44), vert behalde som bustadareal. Kommunedirektøren skal gå i dialog med den som har spelt inn framlegget for å finne ei løysing for dette arealet som Statsforvaltar kan akseptere. For 'å få plass til' området, samt auke utsiktene til å få behalde Åsheimsfjellet, skal LNF-spreidd på Åsheim takast heilt ut.

3) Hamre 129/9 spreidd bustad inntil 3 bustader

4) Børo blir videreført

Heradsstyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med arealdelen under desse føresetnadene, og halde plan og kommunateknisk utval orientert om eventuelle endringar.

Votering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak uten endringer fell med ei røyst for(H) og 4 røyster mot.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, saman med det felles endringsforslaget, vart røysta over punktvis.

Punkt 1 i fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Punkt 2 i fellesforslaget vart vedteke med 4 røyster for og 1 røyst mot (U). Ragnar Tyssebotn (Frp) vart erstatta av Kim Andre Hartveit (Frp) på grunn av ei tidlegare habilitetsvurdering.

Punkt 3 i fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Punkt 4 i fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 28/2026

Avklaringar om KPA - Areal til bustad og Inf-spreidd i arealdelen til kommuneplanen:

Heradsstyret sluttar seg til at planframlegget vert revidert i samsvar med dei endringane som går fram av dette saksframlegget, og ber kommunedirektøren arbeide vidare med arealdelen under desse føresetnadene. Heradsstyret ber kommunedirektøren holde Plan- og kommunalteknisk utval orientert om eventuelle endringar.

**Plan og kommunalteknisk utval innstiller formannskapet til å treffe slikt vedtak:
Heradsstyret sluttar seg til at planframlegget vert revidert i samsvar med dei endringane som går fram av dette saksframlegget, men med fylgjande unntak:**

1) Åsheimsfjellet vert behalde som bustadareal, men vert sterkt redusert. Det reduserte området skal konsentrere seg om området frå Mjeldalen (mellom næringsområdet/'BIR' og eksisterande busetnad, og opp mot Åsheimsfjellet. For å 'få plass til området', vert Kårvika tatt ut/beheld eksisterande arealføremål.

2) Svartevågen og enkelttomten på Raknes (gbnr 111/44), vert behalde som bustadareal. Kommunedirektøren skal gå i dialog med den som har spelt inn framlegget for å finne ei løysing for dette arealet som Statsforvaltar kan akseptere.

For 'å få plass til' området, samt auke utsiktene til å få behalde Åsheimsfjellet, skal LNF-spreidd på Åsheim takast heilt ut.

3) Hamre 129/9 spreidd bustad inntil 3 bustader

4) Børo blir videreført

Heradsstyret ber kommunedirektøren arbeide vidare med arealdelen under desse føresetnadene, og halde plan og kommunateknisk utval orientert om eventuelle endringar.

PS 29/26 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 29/2026

Andre saker/spørsmål:

Framlegg til vedtak frå Johannes O Borge(H)

Kommunedirektøren lagar ein ny vurdering av sak 25/1646 til neste møte, og at saka kjem på saklista for neste møte for omgjeriing. Det skal gjerast ei synfaring i saka i forkant av neste møte.

Votering:

Framlegg til vedtak frå Johannes Borge(H) vart vedteke med 3 røyster for og 2 røsyter mot(Ap, Sp).

Protokolltilførsel frå utvalsleiar: Utvalsleiar gjer merksam på at det i debatten vart presisert at det som skal på saklista til neste møte er 'vurdering' av omgjeriing. Det er ikkje vedtatt på det noværande tidspunktet at utfallet vert omgjeriing. Det skal røystast over på neste møte.

Spørsmål og svar:

Spørsmål frå Ragnar Tyssebotn(Frp): Kva skjer med ureinsa avløp ved Bruvik kai?

Arnstein Øvsthus ga følgende svar: Kommunen er godt kjent med dette avløpet. Vi har diskutert ei utbetring av dette i parallell med ei utbetring av deler av kaaien som er dårleg. Ein har ikkje funnet rom for å prioritera dette endå, men det ligg på lista over framtidige prosjekt.

Spørsmål frå Johannes Haugland(Sp):

1) Kor stort er viltfondet og kva har det vorte bruk til siste åra ?

Tore Johan Erstad ga følgende svar: Viltfondet er no på kr.1.443.698. Til tross for at det har vært brukt av fondet har det auka jevnt og trutt fordi me er pliktig å kapitalisere fondet med renteinntekter på innestående midlar og at me har betydelege inntekter nærare kr.200.000

kvalt år. Ellers er det årleg om lag kr.70.000 i lønnskostnader og om lag kr. 80.000 i andre kostnader utstyr og reisekostnader som belastes fondet. Av større kostnader kan nemnast NINA rundt kr.250.000 i 2024

2) Når planutvalet behandla endring av minstearealet for hjort i 2025 oppmoda utvalet administrasjon om bruk av anleggsgjerder for å få kunnskap om beiteskadar av hjort. Er dette følgt opp eller er det gjort andre tiltak for å få meir kunnskap?

Tore Johan Erstad ga følgende svar: Det er brukt anleggsgjerder i ett av to prosjekter kommunen har gitt økonomisk støtte til. Det er et forsøk for å få kunnskap om beiteskader og finne gode måter å dokumentere tap på. Prosjektet skjer med bistand fra NLR. Det pågår fremdeles.

3) Har Osterøy kommune fått svar på søknad til Landbruksdirektoratet om dispensasjon frå frist for fastsetjing av minsteareal i forskrift ? Når vart søknaden sendt ?

Tore Johan Erstad ga følgende svar: Søknaden ble sendt fredag 17. april 2026. Vi har ikke fått svar ennå.

4) Status på spørreundersøkelse frå Statsforvaltar om driveplikt i landbruk?

Tore Johan Erstad ga følgende svar: Det må vi komme tilbake til.

Spørsmål frå Johanens o Borge:

1)Status Holmane ?

Tore Johan Erstad ga følgende svar: Når det gjelder spm. 2 om Holmane har jeg ikke oppnådd kontakt med Sigbjørn Reigstad i dag og må få komme tilbake til det.

2) Kor stor del / % av registrert jordbruksareal på Osterøy er i dag driven av heiltidsbønder, eller av bruk med produksjonstilskot

Tore Johan Erstad ga følgende svar:

For søknadsår 2025 er kartlagt jordbruksareal i AR5 i Osterøy (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) 27 871 daa. Av dette er 21 917 daa oppført i søknader om produksjonstilskot, dvs. om lag 78,6 %. NIBIO si oversikt viser samtidig at 21,7 % «kan vere ute av drift» etter deira definisjon.

Når det gjeld heiltidsbønder, har kommunen ikkje ein offentleg statistikk som direkte viser kor stor del av jordbruksarealet (i dekar) som blir drive av desse. NIBIO sine driftsgranskingar viser at eitt årsverk i jordbruk er rekna som 1 845 timar, og at inntekts- og arbeidsbiletet varierer mykje mellom driftsformer og frå år til år. For Vestlandet viser driftsgranskingane også at hushaldsinntekta ofte kjem frå fleire kjelder (jordbruk,

lønsinntekt, tilleggsnæringar m.m.). Dette gjer at "heiltidsbonde" ikkje er eit arealomgrep i offentleg statistikk.

For å gi ei retningsgjevande vurdering har vi derfor nytta Landbruksdirektoratet sitt opne datasett for produksjons- og avløysartilskot (søknadsår 2025) og laga ei arbeidsdefinisjon av "heiltids-lik drift" som fangar opp større driftsomfang og/eller husdyrbasert drift, og som i tillegg kan støttast av avløysartilskot.

Etter denne definisjonen blir om lag 65 % av arealet i PT-søknader i Osterøy knytt til føretak som oppfyller minst to av tre kriterium (anten at føretaket har minst 250 dekar jordbruksareal i søknaden, og/eller at det har husdyrhaldet over terskelen vi har sett (til dømes minst 20 storfe eller minst 80 vinterfôra sau), og/eller at føretaket får avløysartilskot)). Dette er 38 av 125 PT-føretak i kommunen.

Talet er eit estimat og ikkje ei formell klassifisering av heiltids-/deltidsbønder. Når kommunen likevel anslår ein "heiltids-lik" andel av PT-arealet, er dette basert på driftsomfang (areal/husdyr) og avløysartilskot som indikatorar på driftsintensitet, ikkje på ei presis inntekts- eller arbeidstidsdefinisjon.

Spørsmål frå Herdis Helle(Ap) om søknad om landbruksveg til Tyssebotn:

1) Kva klasse er det søkt om, og er klassen slik at søknaden må sendast til høyring/uttale hjå Statsforvaltar?

Tore Johan Erstad gav følgjande svar: Vegklasse 3. Ja den er sendt til høring – Vi vil følge saksbehandlingsreglene i forvaltningsloven og landbruksveiforskriften.

2) Når er det venta at søknaden vil vere ferdig sakshandsama av kommunedirektøren?

Tore Johan Erstad gav følgjande svar: Ordinær saksbehandlingstid med dagens ressurser vil jeg anslå 2-3 mnd. Dette avheng av kva som kjem inn av merknader m.m.

3) Er det kome vedtak frå Statsforvaltar i klagesaka på førre søknad?

Tore Johan Erstad gav følgjande svar: Nei, ikkje journalført svar per i dag.

4) Kva er status på Åsheim og vatn?

Arnstein Øvsthus gav følgjande svar:

Pumpa vart skifta natta 23.–24. mars. Arbeidet var opphavleg planlagt gjennomført på dagtid 19. mars, men måtte flyttast til nattarbeid fordi stengeventilen inn mot pumpa ikkje stengde tilstrekkeleg.

Det var derfor nødvendig å nytte neste tilgjengelege stengemoglegheit, som innebar at vassforsyninga til eit vesentleg større område måtte stengast (Leikneset og Vikno).

Sjølv pumpebyttet vart gjennomført med godt resultat.

Alle abonnentar som hadde vore utan vatn som følge av pumpefeilen fekk vassforsyninga tilbake med ein gong etter at arbeidet var ferdigstilt.

Eitt hus fekk ikkje vatnet tilbake, men dette kom av lekkasje på privat stikkleidning.

Det er framleis planlagt prosjekt for etablering av ny pumpeleidning/høgtrykksleidning til Skipahjellen i løpet av året.

Tiltaket er viktig for å sikre betre arbeidsforhold for driftsoperatørane, og dessutan ein meir robust og trygg vassforsyning med færre avbrot.

Prosjektet vil og bidra til å sikre tilstrekkeleg vassmengde og trykk til brannhydrantar i området.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 22.04.2026 av sak 29/2026 Andre saker/spørsmål:

Kommunedirektøren lagar ein ny vurdering av sak 25/1646 til neste møte, og at saka kjem på saklista for neste møte for omgjeriing. Det skal gjerast ei synfaring i saka i forkant av neste møte.

Protokolltilførsel frå utvalsleiar: Utvalsleiar gjer merksam på at det i debatten vart presisert at det som skal på saklista til neste møte er 'vurdering' av omgjeriing. Det er ikkje vedtatt på det noværande tidspunktet at utfallet vert omgjeriing. Det skal røystast over på neste møte.

